

**Mange straumutfall og stor belastning**

10.01.2015

**Kvinnherad Energi melder ikveld om mange straumutfall på grunn av Nina-uveret og det er fare for ytterlegare utfall utover kvelden. Ein unormal situasjon som den ikveld gjer det vanskeleg å gje opplysning om når straumen kan komma inn att.**

KE oppmodar på det sterkaste om at berre dei som har gjort observasjonar som kan vera til hjelp i feilrettingar ringar på nummer 53475600. Det er i denne unormale situasjon vanskeleg å gje ei estimert tid for ein normal straumsituasjon, heiter det i ei melding frå Kvinnherad Energi seint ikveld. KE er i høgaste beredskap og alt tilgjengeleg mannskap er ute på feilretting.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen